

## Innleiing

Elevane som går Studiespesialisering skal velje programfag på vg2 og vg3. Dei kan velje tre programfag kvart av åra. Minst to av programfaga må dei ha begge åra, og desse to må vere frå same programområde, anten realfag eller språk- og samfunnsfag.

Dei som vel R1 eller S1 matematikk, skal ikkje ha 2P matematikk. Desse elevane kan velje eit tretimars fag eller eit ekstra programfag i vg2. Dei siste åra er det Teknologi og forskingslære X vi har tilbydd som tretimars fag.

Elevar som ikkje har hatt framandspråk (utover engelsk) på ungdomsskulen, må har Spansk 2 som programfag i vg3.

Under er ein kort presentasjon av dei programfaga Sogndal vgs kan tilby no. I januar vil lærarar som har dei ulike programfaga, presentere faga for elevane i 1ST-klassane. Då kan elevane stille spørsmål om dei ulike faga.

Elevane vel programfag i VIS i januar/februar, dei vel tre programfag, og eitt reservefag, som dei får om det ikkje går opp, eller det er fullt på hovudfaga dei har vald. Faga blir sett saman i blokker slik at flest mogleg av elevane får dei fagkombinasjonane dei ønskjer.

Elevane kan bytte programfag dersom det er plass i gruppa, helst før skulestart. Er det for mange som vel eit fag, har elevar på programområdet fortrinnsrett. Er det framleis for mange, er det karakterar frå vg1 som avgjer kven som får faget.

## Innhald

Realfag .....	3
Biologi .....	3
Biologi 1 .....	3
Biologi 2 .....	4
Kjemi .....	5
Kjemi 1 .....	5
Kjemi 2 .....	6
Fysikk .....	7
Fysikk 1 .....	7
Fysikk 2 .....	7
Informasjonsteknologi .....	8
Informasjonsteknologi 1 .....	8
Informasjonsteknologi 2 .....	9
Matematikk for realfag .....	10
Matematikk R1 .....	10

Matematikk R2 .....	10
Matematikk for samfunnssfag .....	11
Matematikk S1.....	11
Matematikk S2.....	11
Fag X .....	12
Matematikk X .....	12
Teknologi og forskingslære X.....	12
Samfunnssfag og språk .....	13
Marknadsføring og leiing.....	13
Marknadsføring og leiing 1.....	13
Marknadsføring og leiing 2.....	14
Rettslære .....	17
Sosiologi og sosialantropologi .....	18
Politikk og menneskerettar .....	19
Psykologi.....	21
Psykologi 1.....	21
Psykologi 2.....	21
Engelsk.....	22
Engelsk 1 (vg2).....	22
<a href="https://www.udir.no/lk20/eng04-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv300">https://www.udir.no/lk20/eng04-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv300</a> .....	22
Engelsk 2 (vg3).....	23
Framandspråk.....	24
Tysk 3.....	24
Spansk 3.....	25
Spansk programfag – spansk 2 vg3 .....	25
Medie- og Informasjonskunnskap 1.....	26
Medie- og Informasjonskunnskap 2 .....	26

# Realfag

## Biologi

### Biologi 1

Heng saman med Biologi 2. Biologi 2 kan takast uavhengig av Biologi 1

#### Innhald i faget:

- Praksisar og tenkjemåtar i biologi
- Cellebiologi (celler, infeksjonar og immunforsvar)
- Anatomi og fysiologi hjå mennesket (vekst og utvikling, fordøyning, sirkulasjon, ekskresjon, hormon – og nervesystem, rørsle, formeiring)
- Anatomi og fysiologi hjå bakteriar, arkar, sopp, protistar, planter og dyr
- Økologi (biologisk mangfald, berekraftig forvaltning)

#### Arbeidsmåtar:

- Ekskursjon til Hafslo i juni (ei overnatting)
- Elevøvingar og rapportskriving
- Utforskande arbeidsmåtar
- Teori og oppgåveløysing

#### Kvifor velje faget?

- Biologi er eit fag som er svært viktig i samfunnet i dag med alt som skjer til dømes innan bioteknologi og miljø.
- Ei god hjelp til å forstå spørsmål ein kjem borti i daglelivet, til dømes årsaker til sjukdomar, funksjonen til ulike organsystem og spørsmål knytte til berekraft og miljø
- Ein får arbeida litt praktisk
- Eit godt støttefag til dei andre realfaga og til mange av samfunnsfaga

**Yrke der ein vil få bruk for dette faget:** Alle yrke innan biologi – og helsefag, til dømes forvaltning, forsking, lege, sjukepleie og elles yrke knytt til politikk og samfunn

**Eksamensform:** Munnleg

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

## Biologi 2

Heng saman med Biologi 1, men kan takast uavhengig av Biologi 1

### Innhald i faget:

- Økologi (livet på jorda, evolusjon, populasjonsbiologi, stoffkrinslaup)
- Biokjemi (energiomsetning, enzym, DNA og genregulering)
- Genetikk (arv, genteknologi, evolusjon av gen)
- Utforska ei biologisk problemstilling

### Arbeidsmåtar:

- Ekskursjon til Aurlandsdalen i august/september (3 dagar)
- Et større arbeid der ein utforskar ei biologisk problemstilling
- Elevøvingar og rapportskriving
- Teori og oppgåveløysing
- Legg vekt på skriftleg arbeid i faget

### Kvifor velje faget?

- Biologi er eit fag som er svært viktig i samfunnet i dag med alt som skjer til dømes innan bioteknologi og miljø.
- Et god hjelp til å forstå spørsmål ein kjem borti i dagleglivet, til dømes årsaker til sjukdomar, etiske spørsmål knytt til bioteknologi og om samanhengar i naturen
- Ein får arbeida litt praktisk
- Det er eit godt støttefag til dei andre realfaga og til mange av samfunnsfaga

### Yrke der ein vil få bruk for dette faget:

Alle yrke innan biologi – og helsefag, til dømes forvaltning, forsking, lege, sjukepleie og elles i arbeid knytt til politikk og samfunn.


**Forkunnskapar:** Det er god hjelp å kunna litt naturfag

**Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

# Kjemi

## Kjemi 1



**Heng saman med:** Krev kjemi 1 for å ta kjemi 2

### Innheld i faget:

- Kjemisk språk og modeller
- Metodar og forsøk
- Vatnkjemi
- Syrer og baser
- Organisk kjemi

### Arbeidsmåtar:

- Teori og oppgåveløysing
- Elevøvingar og rapportskriving
- Legg vekt på praktisk arbeid i faget og at teori og praksis heng saman.

### Kvifor velje faget?

- Likar realfag
- Relevant i svært mange studie
- Godt støttefag til fysikk, matte, biologi og dei fleste andre fag
- Likar øvingar og praktisk arbeid
- Viktig fag for å forstå naturen
- Interesserte og motiverte medelver.

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Kjemikar, lærar, farmasøyts, lege, veterinær, forskar, ingeniør, geolog, næringsmiddelteknolog, bioteknolog, sjukepleiar, miljø- og naturforvaltar og mange fleire.


**Gode forkunnskapar å ha om du skal ta faget.** Fordel å kunne ein del naturfag og matematikk.

**Eksamensform :** Munnleg-praktisk.

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

**Sjå også lenke for utfyllande informasjon om faget:** <http://www.udir.no/kl06/KJE1-01>

## Kjemi 2



**Heng saman med:** Krev kjemi 1 for å ta kjemi 2

### Innhald i faget:

- Forsking
- Analysar
- Organisk kjemi
- Materiale
- Redoksreaksjonar

### Arbeidsmåtar:

- Teori og oppgåveløysning
- Elevøvingar og rapportskriving
- Legg vekt på praktisk arbeid i faget og at teori og praksis heng saman.

### Kvifor velje faget?

- Likar realfag
- Relevant i svært mange studie
- Godt støttefag til fysikk, matte, biologi og dei fleste andre fag
- Likar øvingar og praktisk arbeid
- Viktig fag for å forstå naturen

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Kjemikar, lærar, farmasøyt, lege, veterinær, forskar, ingeniør, geolog, næringsmiddelteknolog, bioteknolog, sjukepleiar, miljø- og naturforvaltar og mange fleire.

**God forkunnskap å ha om du skal ta faget.** Fordel å kunne ein del naturfag og matematikk.

**Eksamensform :** Munnleg-praktisk og/eller skriftleg

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

**Sjå også lenke for utfyllande informasjon om faget:** <http://www.udir.no/kl06/KJE1-01>

## Fysikk



### Fysikk 1

**Forkunnskapar:** Bør ha hatt matematikk 1T for å ta faget

**Heng saman med:** Matematikk R1 eller S1

**Innhald i faget:** Fart og akselerasjon, Newtons lover, potensiell og kinetisk energi, temperatur og trykk, kollisjonar og støyt, friksjon, atomfysikk, kjernefysikk, klassifisering av stjerner, stjernenes livssyklus, elektrisitet, stråling og klima.

**Korleis jobbar de i faget:** Vi gjennomgår og diskuterer teori, reknar oppgåver, gjer eksperiment, programmerar litt.

**Kvífor velje faget?** Viss du likar matematikk og naturfag, har du eit godt utgangspunkt for å velje fysikk. I fysikk vil du lære meir om korleis små og store ting rundt deg er bygd opp, frå atomnivå og opp til stjernene i verdsrommet. Vi reknar mykje i dette faget, og nyttar likningar og formlar allereie frå første kapittel. I tillegg har fysikk ein del praktiske innslag med elevøvingar. Fysikk utviklar evna di til å utvikle logiske resonnement, noko som har stor overføringsverdi til andre fag.

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Ein kan sikte seg inn på studiar i realfag; til dømes sivilingeniør. Realistar med fysikk i fagkrinsen jobbar også innanfor finans, sjukehus, offentleg administrasjon, undervisning, formidlingsarbeid og mykje anna.

**Eksamensform:** Munnleg-praktisk (munnleg eksamen med eksperiment)

**Fordjupningspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

### Fysikk 2

**Forkunnskap Fysikk 1**

**Innhald i faget:**

Vektorar, rørsle i to dimensjonar, krumlinja rørsle, gravitasjonsfelt, elektriske felt, ladde partiklar, magnetisme, induksjon og bærekraftig energiproduksjon, relativitetsteori, kvantefysikk, .

**Korleis jobbar de i faget:** Me gjennomgår og diskuterer teori, reknar oppgåver, programmerer, gjer eksperiment.

**Kvífor velje faget?** Faget er ei naturleg oppfølging av Fysikk 1. Vi introduserer matematiske verktøy som vektorrekning og integrasjon. Dermed kan me jobbe med andre tema enn i Fysikk 1.

**Kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Ein kan sikte seg inn på studiar i realfag; til dømes sivilingeniør. Realistar med fysikk i fagkrinsen jobbar også innanfor finans, sjukehus, offentleg administrasjon, undervisning, formidlingsarbeid og mykje anna.

**Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg-praktisk (munnleg eksamen med eksperiment)

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 1 realfagspoeng.

Sjå også lenke for utfyllande informasjon om faget: <https://www.udir.no/lk20/fys01-02>

## Informasjonsteknologi

### Informasjonsteknologi 1

**Heng saman med:**

Informasjonsteknologi 2

(faga kan takast uavhengig av kvarandre)



### Innhald i faget :

- Oppsett, utvikling og drifting av dynamiske nettsider ved hjelp av HTML, CSS og JavaScript
- Programmering av nettsider og applikasjoner
- Dagsaktuelle problemstillingar i informasjonssamfunnet som t.d. personvern, opphavsrett, datatryggleik, og samfunnsmessige verknadar av informasjonsteknologi

**Korleis jobbar de i faget:** Opplæringa i faget legg vekt på bruk av informasjonsteknologi i praktiske samanhengar, og mykje av arbeidet i faget skjer ved utvikling av nettsider og applikasjoner. Faget legg opp til kommunikasjon og samarbeid.

**Kvifor velje faget?:** Faget eignar seg for dei som trivst med problemløysing, kreativ og logisk tenking, og grafisk design. Programmering og digitale ferdigheiter er blant dei mest etterspurde kompetansane i dagens arbeidsliv. Programfaget informasjonsteknologi er eit realfag, men det har også sterke koplinger til vitskap, mediefag, samfunnsfag og økonomi. Programfaget gir difor eit godt grunnlag for studie innan ulike fagområda og for vidareutvikling av kompetanse i yrkeslivet.

**Kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?:** Faget har ein sentral posisjon i eit breitt spekter av fagfelt, t.d. ingeniørfaget, naturvitenskap, økonomi og administrasjon, media og kommunikasjon.


**Forkunnskapar:** Det krevst ingen spesielle forkunnskapar for å kunne ta faget

**Eksamensform:** Munnleg-praktisk

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng

## Informasjonsteknologi 2

**Heng saman med:** Informasjonsteknologi 1  
(faga kan takast uavhengig av kvarandre)



### Innhold i faget:

- Programmering av nettsider og applikasjoner
- Objektorientert programmering
- Systemutvikling, testing og dokumentasjon
- Dagsaktuelle problemstillingar i informasjonssamfunnet knytte til etiske dilemma og datasikkerheit

**Korleis jobbar de i faget:** Opplæringa i faget legg vekt på bruk av informasjonsteknologi i praktiske samanhengar, og mykje av arbeidet i faget skjer ved utvikling av nettsider og applikasjoner. Faget legg opp til kommunikasjon og samarbeid.

**Kvifor velje faget?:** Faget eignar seg for dei som trivst med problemløysing, kreativ og logisk tenking, og grafisk design. Programmering og digitale ferdigheiter er blant dei mest etterspurde kompetansane i dagens arbeidsliv. Programfaget informasjonsteknologi er eit realfag, men det har også sterke kopplingar til vitskap, mediefag, samfunnsfag og økonomi. Programfaget gir difor eit godt grunnlag for studie innan ulike fagområda og for vidareutvikling av kompetanse i yrkeslivet.

**Kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?:** Faget har ein sentral posisjon i eit breitt spekter av fagfelt, t.d. ingeniørfaget, naturvitenskap, økonomi og administrasjon, media og kommunikasjon.

**Forkunnskapar:** Det krevst ingen spesielle forkunnskapar for å kunne ta faget

**Eksamensform:** Skrifteleg eller munnleg-praktisk

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng

[Matematikk for realfag](#)

[Matematikk R1](#)

**Forkunnskap:** Matematikk 1T

**Innhald i faget:**

- Potensar og logaritmar
- Grenseverdiar og kontinuitet
- Derivasjon
- Funksjonslære
- Omvende funksjonar
- Vektorar i planet
- Parameterframstillingar
- Modellering

**Korleis jobbar de i faget:** Mykje oppgåverekning, med og utan digitale hjelpemiddel, som kalkulator og Geogebra. Progammering i Python.

**Kvifor velje faget?** R1 er eit nytig fag viss ein skal velje realfag, men kan kombinerast med andre fagområde óg. Er nødvendig for å ta R2.

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Yrke innan realfag, teknologi, økonomi, finans, medisin, undervisning, forsking, m.m.

**Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg eksamen

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

[Matematikk R2](#)

**Forkunnskap:** Matematikk R1

**Innhald i faget:**

- Integrasjon, analytisk og numerisk
- Trigonometri
- Vektorar i rommet
- Modellering
- Talfølgjer og rekker

**Korleis jobbar de i faget:** Mykje oppgåverekning, med og utan digitale hjelpemiddel, som kalkulator, Geogebra og programering med Python.

**Kvifor velje faget?** Gjev godt grunnlag for vidare studiar innanfor realfag og teknologi, men også andre fag. Ein del studiar har R2 som inntakskrav.

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Yrke innan realfag, teknologi, økonomi, finans, medisin, undervisning, forsking, m.m.

**Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 1 realfagspoeng


## Matematikk for samfunnsfag

### Matematikk S1

**Forkunnskap:** Bør ha 1T som forkunnskap (kan veljast med 1P, men ikkje anbefalt)

#### Innhald i faget:

- Mengdelære
- Likningar og ulikskapar
- Potensar
- Logaritmar
- Kontinuitet og grenseverdiar
- Derivasjon
- Sannsynsrekning



**Korleis jobbar de i faget:** Mykje oppgåverekning, med og utan digitale hjelpemiddel, som kalkulator, Geogebra og programmering med python. Hentar inn og analyserer reelle data.

**Kvifor velje faget?** Ein må velje eit matematikk fag på vg2. S står for samfunnsfagleg matematikk, og er eit nytig fag om ein skal velje realfag. Kan og kombinerast med andre fagområde.

S1 er nødvendig grunnlag for å ta S2 vidare. (Kombinasjonen S1 + S2 svarar til R1)

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Yrke innan økonomi, finans, teknologi, medisin, undervisning, forsking, m.m.

**Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng.

## Matematikk S2

### Matematikk S2

#### Innhald i faget:

- Talfølgjer og rekker
- Logaritmar og eksponentialfunksjonar
- Funksjonslære, derivasjon og integrasjon
- Økonomiske modellar
- Sannsynfordelingar og statistikk.

**Korleis jobbar de i faget:** Mykje oppgåverekning, med og utan digitale hjelpemiddel, som kalkulator, Geogebra og programmering med python.

**Kvifor velje faget?** Faget byggjer på matematikk S1. Gjev godt grunnlag for vidare studiar innanfor økonomi, finans, teknologi, medisin, undervisning, forsking, m.m. (Kombinasjonen S1 + S2 = R1)

**Kva yrke vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Yrke innan økonomi, finans, teknologi, medisin, undervisning, forsking, m.m.

**Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg

**Fordjupingspoeng:** Faget gir 0,5 realfagspoeng

## Fag X

Elevar som vel eit programfag i matematikk skal ikkje ha faget 2P. Dei kan velje eit tretimarsfag, kalla Fag X, eller dei kan velje eit fjerde programfag.

### Matematikk X

*Krev Matematikk 1T for å ta faget*

**Innhald i faget:** Primtal og divisorar, kongruensar og kodar, trigonometri og komplekse tal, sannsynsfordelingar og statistikk.

**Korleis jobbar de i faget:** Mykje oppgåverekning, med og utan digitale hjelpemiddel, som kalkulator og Geogebra.

**Kvifor velje faget?** Matematikk X er eit vg2-fag og det er nyttig å velje dette dersom ein vel R1. Ein blir kjent med fleire sentrale emne i matematikken utover dei ein møter i R1. Dessutan gjev faget ekstra reknetrening. Matematikk X bidreg altså til eit breiare fagleg grunnlag for vidare studiar innan realfag.

**Kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Yrker innan realfag og teknologi, undervisning, forsking, m.m.

**God forkunnskap å ha om du skal ta faget?** 1T. Anbefalt å velje faget i kombinasjon med R1.

**Eksamensform :** Munnleg eksamen.

### Teknologi og forskingslære X

**Innhald i faget :**

- Kretsteknikk: Elektrisitetslære, kretskomponentar og kretsbygging.
- Programmering og bruk av mikrokontrollere
- Innhente og analysere data frå forsøk. Her nyttast programmering og mikrokontrollere.
- Utvikle og teste funksjonelle produkt ved bruk av m.a. loddning og 3D-printing.

**Kvifor velje faget?:** Faget gjer erfaring med realfag i praksis og har ein teknologisk profil. Fyrste halvår går med til å lære dei grunnleggande teknikkane i kretsbygging og programmering.

Undervisninga er prosjektbasert og vi nyttar teori frå realfaga til å undersøke og forstå korleis ei rekkje moderne produkt fungerer. Gradvis vil vi sameine den analoge verda med den digitale ved bruk av mikrokontrollere. Etter jul aukar prosjekta i omfang og vi skal nytte dei ulike teknikkane til å utvikle meir samansette automatiske produkt som robotar og radiostyrte biler. Vurdering i faget kan variere, men vil vere knytt til dei ulike prosjekta.

**Faget egnar seg spesielt godt for dei som ynskjer å forstå korleis realfaga nyttast i praksis og for dei som er glad i å skru ting ifrå kvarandre «berre for å sjå kva som er inni». Kritisk tenking, kreativitet og eit ynskje om å skapa noko er sentralt for å lykkast i faget.**

**Eksamens form :** Munnleg-praktisk.

# Samfunnsfag og språk

## Marknadsføring og leiing

### Marknadsføring og leiing 1

Marknadsføring og leiing 1 er eit praktisk og levande fag. Faget inneheld sjølvsagt ein del teoriar og modellar du må kunne, men du vil straks sjå nytten av å lære dei når du skal arbeide med dei ulike emna i faget.

Vi ønskjer å skape nærliek til det verkelege livet og dette skuleåret er elevane godt i gang med å starte opp eige elevbedrift. På den måten ønskjer vi å bygge bru mellom teori og praksis. Dei åra elevane ikkje har hatt elevbedrift, har vi brukt varierte arbeidsmetodar slik som blant anna bruk av film, dokumentarar, feltundersøkingar, framstilling av reklamemateriell digitalt, analyse av ein sjølvvært bedrift og arbeid med marknadsundersøkingar. Oppgåveløysing er sjølvsagt også ein viktig del av læringa. Gjennom disse arbeidsmetodane ønsker vi at elevane skal forstå den rolla marknadsføring har i samfunnet.

Faget passar for alle og du kan ha god nytte av det seinare i livet eller til vidare studiar når du er ferdig på vidaregåande. Ettersom du vil lære å løyse ein del praktiske oppgåver, vil du også bli presentert for problemstillingar som er nokså like dei du kan komme til å stå overfor i ein arbeidssituasjon. Elles passar faget også godt dersom du er engasjert i samfunnet eller interessert i menneske og korleis vi kommuniserer.

Du kan ha god nytte av dette faget viss du seinare ønskjer å arbeide med noko innan marknadsføring, kommunikasjon, administrasjon, leiing, sal, reklame eller ulike prosjekt i ei bedrift. (Henta frå Cappelen Damm AS 2017, Nørgaard og Olsen, Visjon 1 Marknadsføring og leiing 1.)

**Eksamensform:** Munnleg

## Marknadsføring og leiing 2

Marknadsføring og leiing 2 krev at ein har tatt Marknadsføring og leiing 1.

I Marknadsføring og leiing 2 jobbar vi med å få forståing av at marknadsføring er eit systematisk fag. Likevel vil tilnærminga til faget fortarande vere praktisk og døma vil også her vere frå det verkelege liv. Dette faget inneheld sjølvsagt ein del teoriar og modellar du må kunne, men du vil straks sjå nytten av å lære dei når du skal arbeide med dei ulike emna i faget.

Vi ønskjer å halde fram med å skape nærliek til det verkelege livet og bruker aktuelle døme som viser den rolla marknadsføring har i samfunnet. På den måten ønskjer vi å byggje bru mellom teori og praksis. Oppgåveløsing er ein viktig del av læringa og du vil få praktiske oppgåver der du blir presentert for problemstillingar som er nokså like dei du kan komme til å stå overfor i ein arbeidssituasjon. I tillegg til oppgåveløsing, varierer vi undervisinga med blant anna bruk av film, dokumentarar og feltundersøkingar.

Du vil kjenne igjen noko av det du lærte i Marknadsføring og leiing 1, men i år vil vi gå meir i djupna av stoffet. I tillegg legg vi vekt på å øve på både munnleg og skriftleg oppgåveløsing, då elevane kan bli trekt ut i begge eksamsformene.

Faget passar for alle og du kan ha god nytte av det seinare i livet eller til vidare studiar når du er ferdig på vidaregåande. Elles passar faget også godt dersom du er engasjert i samfunnet eller interessert i menneske og korleis vi kommuniserer.

Du kan ha god nytte av dette faget viss du seinare ønskjer å arbeide med noko innan marknadsføring, kommunikasjon, administrasjon, leiing, sal, reklame eller ulike prosjekt i ei bedrift. (Henta frå Cappelen Damm AS 2017, Nørgaard og Olsen, Visjon 2 Marknadsføring og leiing 2.)

**Eksamensform:** Munnleg eller skriftleg

## Næringslivsøkonomi

Du kan ikkje gå igjennom livet utan å komma borti økonomispørsmål på ein eller annan måte. Som student må du læra leva på studielån, som arbeidstakar får du løn, du betaler skatt, du treng lån for å kjøpa bil, leilegheit, og du må betala diverse rekningar. Din private økonomi er ein del av deg og livet ditt. På same måten er økonomi og gode avgjerder viktige for næringslivet og for samfunnet. Kvar einaste dag handlar ei nyhendesak om økonomi i ei eller anna form. Difor vil det å ha kunnskapar innanfor økonomiområdet vera nyttig for deg uansett kva du skal jobba med seinare i livet!

**Næringslivsøkonomi** handlar om økonomisk styring og leiing av bedrifter. Faget skal bidra til forståing av økonomiske, etiske og miljømessige sider ved næringsverksemd. Faget skal gi deg innsikt i kva rolle bedriftene har i samfunnet. Kompetanse i leiing og organisering av bedrifter vil gi deg innsikt i demokratiske prosessar i arbeidslivet og danna grunnlag for videre studiar og arbeid.

**Berekraftig utvikling** er eit tverrfagleg tema i både økonomistyring og økonomi og leiing. Det betyr å forstå korleis verksemder skal ta ansvarlege økonomiske val og samtidig handle etisk og ha miljømedvit.

### Økonomi 1 Økonomistyring

Faget er delt opp i to hovedtema:



**Næringsliv og samfunn** - Ulike eigarformer for bedrifter, bedrifter sin plass i samfunnet, og ulike typar interessekonfliktar som oppstår mellom t.d. tilsette og bedrift, samfunn og bedrift m.m.

**Økonomistyring** - Hovudvekta i faget er lagt på temaet økonomistyring, der du lærer å føra rekneskap for bedrifter, vurdera lønnsemd ved å sjå på ulike nøkkeltal, kalkulera prisar i handelsbedrifter, utarbeida budsjett med tilhøyrande budsjettavvik, sjå på rekneskapsførar si autorisasjonsplikt, krav til revisor, reflektere over korleis ny teknologi kan bidra til innovasjon m.m.

Du, som elev, jobbar stort sett ved hjelp av ferdig programvare på data. Til læreverket følgjer praksisnære modellar for t.d. rekneskapsføring, utrekning av nøkkeltal og ulike budsjettmodellar. Høgast måloppnåing får du ved å tolka dei tala som modellane gjev. På fagdagar prøver vi å sjå teori brukt i samfunnet rundt, besøk frå Simas for å få kunnskap om sirkulær økonomi, bedriftsbesøk, Lerum (planlagt), invitera bankar til å snakke om økonomiske vilkår for oppstart av verksemd osv.

Dette faget passar for deg som likar å jobba på data. Du treng ikkje spesielt nivå i matematikk, elevane har både P, S og R-matematikk, men du må kunna jobba med tal.

Faget kan knytast opp til dei fleste andre fag ved skulen, og gjev svært god bakgrunn for studiar i økonomi på høgskular, NHH og universitet. I tillegg er faget allmennnyttig. Om du blir barnehagelærar, sjukepleiar, ingeniør, jurist osv., kan det vera nødvendig å ha kunnskapar om rekneskap og budsjett. Kunnskapar innan økonomi er også viktig om du sjølv skal etablera di eiga bedrift.

**Eksamensform:** Munnleg/praktisk eller skriftleg.

## Økonomi 2

### Økonomi og leiing



Du treng ikkje økonomistyring (økonomi 1) for å ta faget økonomi og leiing (økonomi 2).

Faget er delt opp i tre hovudtema:

**Leiing og berekraftig verdiskaping** - Her lærer du om ulike typar organisasjonar og leiing, korleis bedrifter kan skapa nye verdiar på ein berekraftig måte og korleis bedrifter kan tilpassa seg nye utfordringar. Arbeidsmiljø og HMS er også tema her.

**Økonomisk verksemd** – Dette temaet er det største i faget, og her lærer du m.a. :

- Kostnadsteori – Kva type kostnader har ei bedrift?
- Marknads- og inntektsteori – Kva type marknader finst og korleis tenar bedriftene pengar?
- Pris og produktkalkyler – Kalkulera pris på varer og tenester.
- Dekningspunktanalyse for å vurdera lønnsemrd – I kva for mengdeintervall har bedrifta overskot og underskot?
- Marknadstilpassing – Kva er optimal marknadstilpassing for ei bedrift under ulike føresetnader? Kva for produksjonsmengde og pris gir størst overskot?

### Investering og finansiering

- Investeringsanalysar - Skal ein seia opp folk og kjøpa nye maskiner? Kva er mest lønnsamt?
- Kapitalbehov - Kor mykje pengar treng ein for å investera i noko nytt, t.d. ny maskin?
- Finansiering – Korleis skal ein finansiera nye investeringar (ulike typar lån, EK)?

I dette faget er det laga praksisnære ferdigmodellar som du jobbar med på data, og det viktigaste blir å analysera det talmaterialet du får av modellane. Som i økonomistyring, er det ikkje krav om spesielt matematikknivå, både P-S-R-matematikk er aktuelt, men du må kunna jobba med tal.

Vi har prøvd å nytta fagdagar til å invitera inn/besøkt fagpersonar innan fagfeltet, sist Innovasjon Norge og Kunnskapsparken i høve etablering av bedrifter. Bankane er aktuelle å invitera i høve finansiering.

Faget kan knytast opp til dei fleste andre fag på skulen, og det gjev svært god bakgrunn for studiar i økonomi på høgskular, NHH og universitet. I tillegg er faget allmennnyttig. Same kva du vil jobba med i framtida, kan det å ha kunnskap i økonomi og leiingsteori vera nødvendig. Det er også svært viktig med kunnskapar innan økonomi om du sjølv skal etablera di eiga bedrift.

**Eksamensform:** Munnleg/praktisk eller skriftleg.

## Rettslære

*«Juss er ikke noe puggefag. Juss er logikk, common sense. Juss er gøy.»*

(John Christian Elden, norsk høyesterettsadvokat og politikar)

Rettslære er eit fag med mykje case-orientert læring der ein løyser sak aleine eller saman med andre, munnleg eller skriftleg. Av og til blir klasserommet omgjort til ein rettssal der elevane skal forhandle ei sak som rollespel. Rettslære grupper har vore med som publikum i rettssak, besøkt Stortinget og Høyesterett, politiet og Vik fengsel.

Mahatma Gandhi og Barack Obama var/er kjente juristar, men sjølv om du ikkje blir amerikansk president så er juss uansett enormt viktig for deg no og seinare i livet: Lover og reglar brukast nærmast overalt i yrkes- og privatliv.

*Society cannot exist without law. Law is the bond of society: that which makes it, that which preserves it and keeps it together. It is, in fact, the essence of civil society.*

(Joseph P. Bradley, member of the U.S. Supreme Court)

### *Rettslære 1*

#### **Sentrale tema:**

- Avtalerett og kjøpsrett
- Familierett og barnerett
- Arbeidsrett og diskriminering

#### **Eksamensform:** munnleg

### *Rettslære 2*

#### **Sentrale tema:**

- Strafferett
- Forvaltnings- og miljørett
- Personvern
- Menneskerett
- Erstatningsrett

#### **Eksamensform:** Skriftleg eller munnleg

## Sosiologi og sosialantropologi

**Heng saman med:** Politikk og menneskerettar VG3 (kan takast uavhengig av kvarandre)

### Innhald i faget:

#### **Samfunnsvitskapleg metode og kjeldebruk**

- Kva er sosiologi og sosialantropologi?
- Kva styrer handlingane våre?
- Korleis får vi kunnskap om samfunnet vårt?
- Gjennomføre spørjeundersøking.

#### **Sosialisering og medborgarskap**

- Korleis vert vi forma og utvikla som personar av menneska rundt oss?
- Kan media vere med på å styrke medborgarskap hjå ulike grupper i samfunnet vårt?
- Sosiale avvik og kriminalitet er ein sentral del, og du vil lære om ulike typar avvik, årsaker til kriminalitet, reaksjonsformer og årsaker til straff.
- Kva tiltak kan motverke utanforskarp fremje inkludering?

#### **Kulturforståing og interkulturell kompetanse**

- Kva er kultur?
- Samanlikne kulturfenomen innad i og mellom kulturar.
- Kva utfordringar og moglegheiter gir kulturelt mangfald?
- Kulturforståing i eit demokratisk samfunn.

#### **Sosiale strukturar, aktørar og handling**

- Korleis analysere sosial ulikskap?
- Kva er eit gode, og korleis vert goda i samfunnet vårt fordelte?
- Er Noreg eit samfunn med små sosiale skilnader?
- Kva er makt, og kven har makt til å fordele goda i samfunnet vårt?
- Kva er arbeid, og kva kjenneteiknar og påverkar arbeidslivet vårt?
- Korleis påverkar globalisering, ny kunnskap og moderne teknologi måten vi samhandlar på?
- Føresetnader for berekraftig utvikling.

### Arbeidsmåtar:

- Føredrag
- Pararbeid/gruppearbeid
- Klassediskusjonar
- Aktuelle dokumentarar og artiklar
- Utarbeide og gjennomføre spørjeundersøking
- Ekskursjon til Vik fengsel

### Kvífor velje faget?

- Dersom du er nysgjerrig og likar å diskutere og drøfte samfunnsrelaterte spørsmål, kan faget passe.
- 2 SOS er eit samfunnsfag som skal hjelpe deg til å forstå samfunnet rundt deg.

- I samfunnsfaga er det viktig å ha ei spørjande haldning.
- Samfunnsfaga forsøker å finne svar på korleis samfunnet er bygd opp og kvifor me oppfører oss som me gjer.
- Du vil lære å drøfte problemstillingar knytt til kultur og sosiale relasjoner.

**Kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Samfunnsforskning, lærar, barnehagelærar, sosionom, økonom, jurist, journalist, barnevernspedagog, sosionom og mange fleire. Faget er svært allmenndannande.

### **God forkunnskap å ha om du skal ta faget.**

Å vere nysgjerrig og interessert i det som skjer rundt deg og oppteken av korleis menneska påverkar samfunnet og korleis samfunnet påverkar menneska.

**Eksamensform :** Du kan bli trekt ut til munnleg eksamen.

## Politikk og menneskerettar

**Heng saman med:** Sosiologi og sosialantropologi, men kan takast uavhengig

### **Innhald i faget:**

- **Demokrati, menneskerettar og medborgarskap:**
  - Kva er politikk og makt? Kva er menneskerettar?
  - Kva kjenneteiknar demokrati?
  - Over 1/3 av verda si befolkning lever i diktatur. Kva kjenneteikner denne styreforma?
  - Kva skapar demokrati, kva øydelegg demokrati?
  - Kvifor er politisk deltaking og medborgarskap viktig for å ivareta demokratiet vårt?
- **Politiske institusjonar og prosessar:**
  - Kvifor stemmer me som me gjer ved val?
  - Korleis fungerer Stortinget, regjeringa, statsforvaltninga og domstolane?
  - Korleis fungerer lokale styringsorgan som kommune og fylkeskommune?
- **Internasjonal politikk:**
  - Korleis fungerer internasjonal politikk- er det anarki og den sterkeste rett som gjeld?
  - Kva bestemmer kva utanriks og tryggingspolitikken statane har?
  - Kva aktørar finn me i det internasjonale systemet?
  - Kor møtast aktørane internasjonalt? I organisasjonar som FN, NATO, EU, Europarådet, Amnesty.
- **Ei berekraftig og rettferdig verd?**
  - Me ser på kva internasjonale utfordringar står verda ovanfor som må løysast gjennom internasjonalt samarbeid- me ser på berekraft, klima og miljø, fattigdom, feila statar.

### **Korleis jobbar me i faget:**

- Me jobbar munnleg og skriftleg med å knyte teorien me lærer i faget til det som skjer i verda
- Det viktigaste verktøyet du lærer i dette faget er å skrive fagartikkel. Å skrive ein akademisk tekst er noko du får brukt frå første stund som student!
- Me tek sikte på å besøke kommunehuset og får møte ordførar og kommunedirektør
- Me tek sikte på studietur til Oslo iløpet av skuleåret. Då besøker me Stortinget, Nobels fredssenter, 22.juli senteret, Utøya for å nemne noko.
- I valår er det 3POM som organiserer og gjennomfører den store paneldebatten med partia og den praktiske gjennomføringa av på valdagen med valstasjonar og oppteljing av stemmer. Viss nokon har ein Fredrik Solvang i magen er dette di tid for å skina:)

### **Kvifor velje faget?**

- Er du nysgjerrig?
- Les du aviser og interesserer deg for verda ikring deg?
- Har du lyst å meine noko om viktige samfunnsforhold eller forstå dei betre?
- Her får du kunnskap og kompetanse som gjer at du får ei forståing for norske og internasjonale forhold og kva utfordringar både Norge og verda står ovanfor.
  - Kvifor har det vist seg vanskeleg å få til ei fredeleg løysing i Syria?
  - Kva betyr det for oss at me no har ei regjering bestående av Senterpartiet og Arbeiderpartiet?
  - Kvifor er det så vanskeleg å få til forpliktande klimasamarbeid når me veit at FN har sagt at no er det «Kode Rød» for menneskeheita?
  - Kvifor handterer NATO landa krigen i Ukraina slik dei gjer?
  - Kvifor var det viktig for internasjonale samarbeidstilhøve at Biden og ikkje Trump vann valet i USA, og kan det hende Trump blir president ved presidentvalet 2024- eller kanskje Kanye West?

**Kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?** Dersom du vel dette faget kan det hende du vert motivert til å lære deg meir om ulike samfunnsfag på høgare utdanning. Kunnskap om politikk, menneskerettar og samfunnet er relevant for dei aller fleste yrker. Dersom ein vel å utdanne seg vidare innan statsvitenskap er journalist, forskar, bistandsarbeidar, politisk rådgjevar, valobservatør, lærar, universitetstilsett, politikar, offentleg saksbehandlar, privat konsulent nokre av dei aktuelle karrierevegane.

**Eksamensform:** Du kan kome opp i både munnleg og skriftleg eksamen i dette faget.

## Psykologi

### Psykologi 1

**Heng saman med:** Psykologi 2 (kan takast uavhengig av kvarandre, men ikkje tilrådd)

#### Innhald i faget (hovudtema):

- Psykologiens historie og utvikling
- Mennesket og læring
- Psykologiens biologiske grunnlag
- Mennesket og helse

#### Korleis jobbar de i faget:

Dette er eit nytt fag for dei fleste, så det er ein ny måte å tenke på med mange nye utrykk og teoriar. Dette gjer at det er ein del forelesingar, oppgåveløysing, dokumentarar og liknande. Prøver å legge opp faget variert, men dette vil variere frå lærar til lærar.

#### Kvifor velje faget?

Dette er eit fag som handlar om menneske, korleis mennesket fungerer og samarbeider med andre. Det er eit eige fag og det kan vere (er) eit reiskapsfag i mange andre fag og utdanningar. Ein treff det i helseutdanning, lærarutdanning, organisasjonsutdanning, idrett m.m.

Det er eit fag som inneheld ein god del teoriar om kvifor ein er som ein er, handlar som ein gjer og reagerer som ein gjer. Samt ein god del om kva som påverkar deg til å handle/reagere som ein gjer. Ein blir ikkje psykolog av å ta psykologi 1 og 2, men ein for ei betre forståing av seg sjølv og omgjevnadane. Dette gjennom å bruke teoriane og perspektiva til å løyse ulike problemstillingar og situasjonar.

#### Eksamensform: Munnleg

## Psykologi 2

**Det heng saman med** psykologi 1. Det kan takast uavhengig av psykologi 1, men ein anbefaler å ha gjennomført psykologi 1 først.

#### Innhald i faget:

Psykologien i dag, sosialpsykologi, kommunikasjon og helsepsykologi

#### Korleis jobbar de i faget:

Det er ein del gjennomgang av fagstoff, blanda med dokumentarar og nokre filmar, arbeid på eigenhand og til tider i grupper. Det er ein god del teoriar kring sosial kompetanse, grupper, roller og konflikt, samt fleire modellar kring kommunikasjon. Innan helsepsykologi kjem ein inn på diagnosesystemet og førebygging av psykiske vanskar. Ein vektlegg meir akademisk skriving i psykologi 2, så ein arbeider ein del med tekstskriving.

#### Kvifor velje faget? Sjå psykologi 1

#### Eksamens form : Munnleg eller skriftleg

## Engelsk

### Engelsk 1 (vg2)

#### Innhald i faget

- Utvikla og bruka engelsk til å bli god til å lytta, snakka og skriva tilpassa ulike situasjoner
- Vise forståing, sjølvstendig refleksjon og kritisk tenking i analyse av nokon aktuelle samfunnsdebattar i engelskspråklege land
- Analysere, drøfta og lesa skjønnlitterære tekstar, inkludert nokre sjølvvalde tekstar
- Utforska og presentere minst eit sjølvvaled emne knytt til språk, kultur, samfunn eller vitskap ved kritisk bruk av engelskspråklege tekstar og andre kjelder
- Reflektere over språklege variantar i nokre engelskspråklege land
- Reflektere over engelsk i media og meiningsutveksling globalt

#### Korleis jobbar me i faget

- **Aktiv** språktrening munnleg og skriftleg i ulike situasjoner og sjangrar
- Analysere, drøfta, lytta, samtale, snakka, skriva, reflektere og utforska ulike engelskspråklege aktuelle tema
- Lesa og reflektere over ulike litterære og samfunnsfaglege tekstar i bøker, på nett og på film
- Individuelt arbeid og personleg utvikling
- Samarbeid med andre, munnleg språktrening og meiningsutvekslingar
- Undervegsvurdering
- Veksling mellom munnleg og skriftleg arbeid, gir ein god sjanse til å få vist fram sine styrker og til å utvikla seg i faget engelsk 1.

#### Kvífor velje faget?

- Engelsk 1 passar saman med alle dei andre programfaga og er eit supert støttefag for fellesfag som historie og norsk
- Uansett kva du vel å studere eller arbeide med etter vidaregåande vil du ha bruk for engelsk
- Engelskspråklege tekstar og til dels undervisning er ein del av dei fleste universitets- og høgskulefag
- Engelskferdigheter og innsikt i tematikk kring språk, samhandling, kultur og kommunikasjon er gull verdt på ein global arbeidsmarknad.
- Engelsk kan vera eit lingua franca i møte med andre
- Du får to karakterar, ein munnleg og ein skriftleg

#### Eksamensform

Det er skriftleg og munnleg karakter i faget og ein kan bli trekt ut til skriftleg og/eller munnleg eksamen.

For meir informasjon om faget sjå Utdanningsdirektoratets sider:

<https://www.udir.no/lk20/eng04-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv300>

## Engelsk 2 (vg3)

Faget bygger på engelsk 1, du *bør*, men må ikkje ha engelsk 1 for å velja engelsk 2.

### Innhald i faget

- Bruka eigna lese-, lytte-, tale- og skrivestrategiar tilpassa situasjon og føremål
- Bruka eit rikt, presist og variert språk av generell og fagspesifikk art på en hensiktsmessig og situasjonstilpassa måte både skriftleg og munnleg
- produsere ulike typer skriftlige og muntlige faglige tekster med klart innhold, hensiktsmessig stil og struktur
- ha kritisk kjeldebruk
- visa sjølvstendig refleksjon og kritisk tenking i lesing og drøfting av ulike typar tekster
- tolka og drøfta nokre typar skjønnlitterære tekstar på engelsk i lys av deira historiske og kulturelle samanhengar
- utforska og drøfta nokre engelskspråklege lands språklege, kulturelle og politiske innflytelse i verda
- samanlikna og vidareformidle nokon samfunnsmessige og politiske forhold i to engelskspråklege land ut frå historiske samanhengar
- utforska og presentere minst eitt sjølvvald emne frå engelsk 2 ved kritisk bruk av engelskspråklege tekstar og andre kjelder

### Korleis jobbar me i faget

- **Aktiv** språktrening munnleg og skriftleg i ulike situasjonar og sjangrar
- Analysere, drøfta, lytta, snakka, skriva, reflektere og utforska ulike aktuelle engelskspråklege tema på eit høgare nivå enn engelsk 1
- Lesa og reflektere over litterære og samfunnsfaglege tekstar i bøker, på nett og på film
- Individuelt arbeid og personleg utvikling, samarbeid med andre, språktrening og meiningsutvekslingar tett på samfunnsdebatten i den engelskspråklege verda og globalt
- Undervegsvurdering
- Veksling mellom munnleg og skriftleg arbeid, gir ein god sjanse til å få vist fram sine styrke og til å utvikla seg i faget engelsk 2

### Kvífor velje faget?

- Gode engelskferdigheiter er ei styrke i utdanning, i arbeidslivet og sosialt
- Mykje av undervisninga og lærestoffet på universiteta og høgskulane er på akademisk engelsk. Med engelsk programfag blir du betre rusta for høgare utdanning.
- Engelskferdigheiter og innsikt i tematikk kring språk, samhandling, kultur og kommunikasjon er gull verdt på ein global arbeidsmarknad.
- Du får to karakterar, ein munnleg og ein skriftleg

### Eksamensform

Det er skriftleg og munnleg karakter i faget og ein kan bli trekt ut til skriftleg og/eller munnleg eksamen. For meir informasjon om faget sjå Utdanningsdirektoratets sider:

<https://www.udir.no/lk20/eng04-02/kompetansemaal-og-vurdering/kv301>

## Framandspråk

Tysk III og spansk III blir tilbuddt som fag på nettskule.

### Tysk 3

**Heng saman med:** krev fullført fellesfag tysk 2

#### **Innhald i faget (hovudtema):**

Tysk 3 er ei vidareføring og fordjuping av aktiviteter og emneområde frå fellesfaget tysk 2.

Hovudfokuset er todelt:

- Du vil vidareutvikle din munnlege og skriftlege språkkompetanse i tysk ved å møte og bruke språket i varierte og autentiske situasjoner. Vi les, lyttar til og diskuterer tyskspråklege tekstar av ulike sjangrar (som noveller, roman, dikt, artiklar) og ser og lyttar til filmar, nyhendesendingar, musikk og bilete.
- Samstundes vil du fordjupe i ulike emne innan tyskspråkleg samfunns- og kulturliv. Det kan vere emne innanfor litteratur, samfunnsspørsmål, kultur, historie, språk (t.d. dialektar), geografi og politikk. Du skal også gjennomføre eit fordjupingsarbeid med emne innan tyskspråkleg litteratur, samfunn og kultur.
- Innhald og arbeidsformer vil minne litt om fellesfaget engelsk på vg1 – berre på tysk.

#### **Kvifor velje faget og kva yrker vil ein vere attraktiv for med dette faget?**

- Du er «sikret jobb med tysk pluss økonomi eller tekniske fag. Tysk er det klart mest etterspurte språket etter engelsk.» seier Are Turmo. aftenposten.no (18.3.2018)
- Tysk vert snakka av om lag 120 millionar menneske og det største morsmålet i Europa.
- Du vil lære tysk på høgste nivået som studieførebuande utdanningsprogram kan tilby. Den kompetansen er ettertrakta i mange samanheng. Tyskland er Noreg sin viktigaste handelspartner, ein av sju NHO-bedrifter har behov for tysktalande medarbeidarar.

#### **God forkunnskap å ha om du skal ta faget?**

Du likar å delta i munnlege aktivitetar og at du er viljug til å snakke tysk i timane. Du treng ikkje ha full kontroll på grammatikken, men du bør ha ein grunnleggande forståing for verbbøyning og kasussystemet/setningsanalyse. Det hjelper med god innsikt i norsk og engelsk språk og grammatikk.

**Eksamensform:** Munnleg eller skriftleg.

**Fordjupingspoeng:** Faget gje 1 språkpoeng.

## Spansk 3

Har tilsvarende innhald som tysk 3, men du lærer spansk språk og kultur.

### Spansk programfag – spansk 2 vg3

Faget bygger på spansk 1, som eit fleirtal av dykk som går på studieførebuande studieretningar ved Sogndal vgs, har som fellesfag i 1. og 2. klasse. Om du ønskjer å bli verkeleg flink i dette språket og bli betre rusta til å kunne bruke det til noko seinare, bør du gå vidare på nivå 2. Då vil du både lære meir, og du vil lære grundigare det du alt kan, både når det gjeld å kommunisere og å få innsikt i kultur og samfunn i den store spanskspråklege verda. Faget er altså både ei fordjuping og ei utviding av det du lærte i spansk 1, og har ein større prosesjon, og du vil i større grad lære deg å forstå og bruke språket, skriftleg og munnleg, i ulike samanhengar.

#### Sentrale kompetanseområde i faget:

- Lære å uttrykke seg, og forstå det andre uttrykker, på språket, i ulike situasjonar og samanhengar, gjennom ulike medium og sjangrar. Det handlar både om å lese, lytte, snakke og forstå, og alle dei fire ferdighetene blir det lagt opp til at ein skal øve på, på ulike måtar.
- Lære seg eit variert ordforråd og strukturane i språket, slik at ein kan sette orda saman til større meiningsberande einingar, og kan bruke språket i varierte og autentiske samanhengar, både munnleg og skriftleg.
- Bli kjent med ulike sider ved samfunnsliv og kultur, historie og geografi i landa der språket blir snakka. Møte språket og kulturen gjennom ulike typar tekstar, medium og kulturelle uttrykksformer, bl.a. film, sport, musikk, bildekunst og digitale medium.

#### Gode grunnar til å lære seg spansk godt:

- Eit verdsspråk som blir snakka i over 20 land av nærmere 500 millionar menneske
- Eit språk du kan få nytte av både i Europa og i andre verdsdelar
- Eit språk som gir deg tilgang til ein stor og variert kulturfrets
- Eit språk du kan få bruk for både som turist og som student og yrkesutøvar, både i og utanfor Norge
- Eit språk som er nært beslektet med fleire andre europeiske språk og dermed gir deg høve til å kunne forstå/gjere deg forstått i eit utvida område
- Eit fag som har sitt opphav i latin og difor kan gi eit betre forståingsgrunnlag i fag og vitskapar der ein brukar latinsk terminologi

#### Yrke/næringsvegar der det kan kome godt med å kunne spansk:

- Dei fleste yrke innanfor reiseliv og turisme
- Innanfor eksportretta industri og produksjon
- Innanfor forsking, utdanning og kulturformidling
- Innanfor massemedia og kommunikasjon
- I utanriksteneste/diplomati, utviklingshjelp og internasjonale organisasjonar

Faget er eit 5-timars fag, og du får to karakterar, éin i skriftleg og éin i munnleg. Du kan bli trekt ut til eksamen både i skriftleg og munnleg. Elles same reglar for fordjupingspoeng som andre framandspråk.

## Medie- og Informasjonskunnskap 1.

Medie – og informasjonskunnskap 1 er eit praktisk / teoretisk fag som byggjer på eit samfunnsvitskapeleg og humanistisk grunnlag.

Faget gir varierte og levande innblikk i rolla media har i samfunnet.

I MIK1 er hovudvekta lagt på fjernsyn, film , journalistikk og mediehistorie i eit norsk perspektiv. I tillegg kjem utviklinga av sosiale media , der det globale også spelar ei viktig rolle i den norske mediekvarden.

Faget gir også innblikk i reklame, informasjonsarbeid og korleis me blir påverka av media.

Etikk / samfunnsoppdraget til media er også ein viktig del av faget. Det same gjeld den norske mediepolitikken som sikrar mangfold av media.

Kritiske blikk på media ,filmanalyse og enkle praktiske øvingar i journalistikk/ foto gjer innhaldet i faget variert og spennande. Faget er ein fin veg til å bli betre kjend med sterke sider du kanskje ikkje visste at du hadde.

Til vanleg vert ein ekskursjon til sentrale mediebedrifter i Media City i Bergen lagt inn i det faglege opplegget. Med besøk mellom anna på TV2, NRK og andre viktige medieverksemder.

**Eksamensform:** munnleg.

## Medie- og Informasjonskunnskap 2.

Medie – og informasjonskunnskap 2 er eit praktisk / teoretisk fag som byggjer på eit samfunnsvitskapeleg og humanistisk grunnlag.

Faget gir varierte og levande innblikk i rolla media har i samfunnet og verdien av ytringsfridom ,frie media og demokratiutvikling.

I MIK2 er hovudvekta lagt på fjernsyn, film , journalistikk og mediehistorie i eit internasjonalt perspektiv. I tillegg kjem utviklinga av sosiale media , der globaliseringa er altovergripande.

Faget har også praktiske øvingar i kampanjeplanlegging, reklame og/ eller informasjonsarbeid og journalistikk.

Mediepåverknad og korleis media kan bli misbrukt av autoritære krefter er ein viktig del av faget.

Her står skilnaden mellom autoritære, sosialt ansvarlege og liberalistiske mediesystem sentralt.  
(Kina / Nord-Korea / Iran - Europa / Norge – USA).

Mediekritikk vert ivaretaken blant anna med analyse av eigarskapet til Rupert Murdoch /Fox News i USA/ Australia. Etikk / samfunnsoppdraget til media er gir auka innsikt i rolla media skal ha. Det same gjeld mediepolitikk som sikrar mangfold av media.

Kritiske blikk på media, filmanalyse og enkle praktiske øvingar i journalistikk/ foto gjer innhaldet i faget variert og spennande.

Faga passar for svært mange yrke / utdanninger seinare. Det gjeld pedagogiske yrke, ulike kommunikasjonsfag. Medieyrke, der studiar både i teoretiske mediefag på høgskule/universitetsnivå i inn- og utland er relevante. Mange av dei som har teke faget arbeider også som journalistar/kommunikasjonsarbeidarar.

Faget har ekskursjon til sentrale verksemder innanfor informasjon/kommunikasjon på Leikanger og brukar kommunikasjonsverksemder på Fosshaugane Campus i undervisninga (Gasta Design/Kommunikasjon).

**Eksamensform:** praktisk/munnleg eller skriftleg.